



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00140-68
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 - høyring og offentlig ettersyn

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Eldrerådet	26.10.2022	PS-20/22
1 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	26.10.2022	PS-18/22

Eldrerådet har behandlet saken i møte 26.10.2022 sak PS-20/22

Møtebehandling

Eldrerådet har inga uttale i saka

Votering

Inga votering

Eldrerådets vedtak

Inga vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har behandlet saken i møte 26.10.2022 sak PS-18/22

Møtebehandling

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknadar.

Votering

Forslaget frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes vedtatt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevnes vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknadar.

Reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 - høyring og offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bakgrunn

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, har drift- og arealutvalet i møte den 12. oktober 2022, sak PS-16/22, vedteke å leggje reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 ut til høyring og offentlig ettersyn i seks veker.

Frist for merknader er 1. desember 2022.

Vurdering

Sjå vedlegga.

Administrative konsekvensar

Folkehelsekonsekvensar

Klima- og miljøkonsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Gerd Nerbø

Teknisk sjef

Gerd Marit Langøy

Kommunedirektør

Særutskrift

Eining for tekniske tenester

Vedlegg

Særutskrift (saksframlegg med vedtak)

Plankart

Føresegner

Gjeldande reguleringsplan

Lokalisering

Bilder av dei tre SEFRAK-bygga på eigedom 15/2

Innkomne merknader etter melding om oppstart

RETT UTSKRIFT

DATO 26.oktober.2022



Statens vegvesen

AUKRA KOMMUNE

Kommunehuset

Nyjordvegen 12

6480 AUKRA

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/138949-6

Deres referanse:
Vedr. PLAN-22-
00065-10

Vår dato:
28.10.2022

Uttale til reguleringsplan Torhaugmyra aust – endring 06 – Aukra kommune

Vi viser til brev datert 17.10.2022.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for en kommunal slamavskiller, opprusting av eksisterende veg og vendehammer, en eksisterende boligtomt på gnr. 15 bnr. 2, sikring av kulturminne og videreføring av eksisterende landbruksområde.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Vår vurdering

Vi har ingen merknader til planforslaget, og kan for vår del egengodkjennes.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Aukra kommune
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Aukra kommune - Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan Torhaugmyra aust - endring 06

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren viser til Aukra kommune sitt brev datert 17.oktober 2022, der *reguleringsplan for Torhaugmyra aust, endring 06* blir lagt ut til offentlig ettersyn, etter vedtak i Drift og arealutvalet den 12.oktober, sak PS-16/22.

Endring 06 går ut på å etablere ein vendehammar (KV) for slamtømmebil ved eksisterande slamavskiljar, samt legge til rette for eit areal naudsynt for tømming (AVT). Ei eksisterande bustadtomt og areal til jordbruk blir tatt inn i planområdet.

Eit areal med både skog og dyrka mark er foreslått med formål *Jordbruk* (J). Vi spelar inn at formålet *Landbruk* (LL) kan vere meir tenleg for dette arealet.

Konklusjon

Statsforvaltaren viser til sine faglege råd, og har ut frå sine ansvarsområde ingen ytterlegare merknader til planendringa. Kommunen kan for vår del godkjenne reguleringsplanen.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Fylkeshuset
Postboks 1010 Nordre Ål

6404 Molde
2605 LILLEHAMMER



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-22/00065-10	17.10.2022	135724/2022/REGULERINGSPLAN/1547	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	28.11.2022

Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Torhaugmyra aust, endring 06 - fråsegn til offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld utviding og endring av reguleringsplan for Torhaugmyra aust. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Uttale frå NTNU Vitskapsmuseet vil bli ettersendt.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: rådgivar/arkeolog Susanne Iren Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2022/10650 - 153192/2022	Susanne Iren Busengdal, 71 28 02 75	30.11.2022

Aukra kommune- detaljregulering- Torhaugmyra aust, endring 06- løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne ID267860- kulturminnelova §8.4.

Møre og Romsdal har motteke ein dispensasjonssøknad i samband med at Aukra kommune i medhald av plan og bygningslova §12-10 har vedteke å leggje reguleringsplan Torhaugmyra, endring 06 ut til høyring og offentleg ettersyn.

Vi viser til brev datert 28.11.2022 frå NTNU Vitskapsmuseet. I dette brevet tilrår museet frigiving av kulturminnet utan villkår om vidare undersøkingar.

Lovheimel

Møre og Romsdal fylkeskommune er dispensasjonsmynde etter kml. § 8 første til fjerde ledd, jf. ansvarsforskrifta § 3 andre ledd første pkt. Univeristetsmuseet er etter same forskrift § 8 gitt ansvar for å gi tilråding i saka etter anmodning frå fylkeskommunane, og eventuelt utarbeide ein prosjektplan og eit forslag til budsjett. Riksantikvaren har mynde til endeleg å avgjere prosjektplan og budsjett, etter ansvarsforskrifta § 2 første ledd.

I plankartet har ID 267860- brannlag datert til merovingartid (660-770 cal e. Kr) blitt merka med RpBo og det blir søkt om frigiving.

Berørt automatisk freda kulturminne – ID 267860

I forbindelse med prøvestikking i 2019 blei det funne eit kollag som stort sett var 2cm tjukt. Truleg kan kolet sjåast i samanheng med avsviing i forbindelse med rydding i merovingartid. Staden ligg på eit platå i vest som vidare heller nedover mot aust og mot garden Torhaugmyr, gbnr 15/2. Truleg går ryddinga ned til den nemnte garden. Dateringsresultatet er frå jernalder (660-770 cal. e.Kr.).

Merknad frå NTNU Vitskapsmuseet

ID 267860 dekker 4751 m2 og er påvist gjennom åtte positive prøvestikk. Lokaliteten består av eit kolhaldig lag gjennomsnittleg på omtrent 2 cm. Lokaliteten er topografisk avgrensa til eit platå i utmarksterrang. Deler av lokaliteten ligg innanfor vestleg del av gjeldande planområdet, og deler ligger innanfor planområdet registrert i 2019. Kol frå laget i eit av prøvestikka (VH7) er datert til merovingartid (660-770 cal. e.Kr.). Kulturminnet er av fylket tolka som et avsviingslag, ei tolking NTNU Vitskapsmuseet finn plausibel. Denne type lag er vanleg i området. Ei vidare arkeologisk undersøking vil truleg gi lite vesentleg kunnskap om aktivitet i området. Kulturminnet ligg under bakken og har liten formidlingsverdi og opplevingsverdi.

NTNU Vitskapsmuseet tilrår at Møre og Romsdal fylkeskommune gir dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne ID 267860., og at det ikkje blir stilt vilkår om arkeologisk utgraving da kunnskapspotensialet kulturminnet representerer ikkje rettferdiggjær ressursbruken ei slik utgraving vil innebere.

Fylkeskommunen sine merknadar og vurdering av saka

Kulturminneforvaltinga skal med heimel i kulturminnelova verne om kulturminna som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at desse verdiane blir tekne hand om på best mogleg måte, og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan likevel bli gitt etter ei avveging mellom dei kulturminnefaglege verdiane, private omsyn og omsynet til andre samfunnsverdiar.

I denne saka er fylkeskommunen rette mynde. Vi viste til ved oppstart at det tidlegare har vorte uttalt til Torhaugmyra vest at dersom ein ønskjer å få dette området frigitt skal kulturminnet markerast som RpBo-område (område for føresegn) og vi vil handtere dette som ein søknad om dispensasjon frå kulturminnelova ved offentleg ettersyn. Vi er einige med NTNU Vitskapsmuseet om at kulturminnet kan frigjevast utan villkår om vidare arkeologisk gransking.

Vedtak etter kulturminnelova

Møre og Romsdal fylkeskommune gir samtykke til at reguleringsplan, Torhaugmyra aust, endring 06 vert eigengodkjent. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket: Det vert gitt dispensasjon utan vilkår om ytterlegare gransking. Dispensasjonen gjeld for eit brannlag frå merovingartid, ID 267860, som er automatisk freda i medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova), § 4, første ledd.

ID 267860 er merka i plankartet som bestemmelsesområde #1. For dette området må følgande tekst leggjast til fellesføresegnene under 4.4.3 Bestemmelsesområde for kulturminne- RpBo #1:

«Det automatisk freda kulturminnet ID267860 som er markert som område for føresegn #1- ID 267860 i plankartet vert frigjeven utan vilkår om ytterlegare gransking».

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, Postboks 2500
6404 MOLDE

Faglig vurdering og tilrådning i forbindelse med dispensasjon etter KML § 8 fjerde ledd. Reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06, gbnr 15/2, Aukra kommune. ID 267860

Vi viser til anmodning om faglig vurdering og tilrådning fra Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 31.10.2022. I forbindelse med reguleringsplan Torhaugmyra aust i Aukra kommune, er det konflikt med automatisk freda kulturminner ID 267860. Lov om kulturminner (kml) § 3 forbyr inngrep i automatisk freda kulturminner som definert i § 4, med mindre det foreligger særskilt tillatelse fra kulturminnemyndighetene i henhold til § 8 fjerde ledd. NTNU Vitenskapsmuseet har i henhold til forskriftene som oppgave å komme med faglig vurdering og tilrådning i saken.

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har foretatt registreringer i forbindelse med tidligere reguleringsplan for tilgrensende areal, reguleringsplan Torhaugmyra vest, i 2019. Gjennom registreringen er det påvist ett automatisk freda kulturminne, som har fått ID 267860 i kulturminnedatabasen Askeladden. Reguleringsplanen er i konflikt med østlig del av dette kulturminnet.

Faglig vurdering

ID 267860 dekker 4751 m² og er påvist gjennom åtte positive prøvestikk. Lokaliteten består av et kullholdig lag med gjennomsnittlig tykkelse på omtrent 2 cm. Lokaliteten er topografisk avgrenset til et platå i utmarksterreng. Deler av lokaliteten ligger innenfor vestlig del av gjeldende planområdet, og deler ligger innenfor planområdet registrert i 2019. Kull fra laget i et av prøvestikkene (VH7) er datert til merovingertid (660-770 cal. e.Kr.). Kulturminnet er av fylket tolket som et avsviingslag, en tolkning NTNU Vitenskapsmuseet finner plausibel. Denne type lag er vanlig forekommende i området. En videre arkeologisk undersøkelse forventes ikke å ville gi vesentlig ny kunnskap om aktiviteten i området.

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Saksbehandler
7491 TRONDHEIM	E-post: postmottak@ntnu.no	Erlings Skakkes gate 47 B	+47 73 59 21 45	Lars Snilstveit Røgenes
	http://www.ntnu.no		Telefaks +47	Tlf: +47

All korrespondanse som inngår i saksbehandling skal adresseres til saksbehandlende enhet ved NTNU og ikke direkte til enkeltpersoner. Ved henvendelse vennligst oppgi referanse.

Kulturminnet ligger under bakken og har liten formidlingsverdi og opplevelsesverdi.

Tilråding og vilkår

NTNU Vitenskapsmuseet tilrår at Møre og Romsdal fylkeskommune gir dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne ID 267860. Vi tilrår at det ikke stilles vilkår om arkeologisk utgraving da kunnskapspotensialet kulturminnet representerer ikke rettferdiggjør ressursbruken en slik utgraving vil innebære.

Med hilsen

Bernt Rundberget
Instituttleder

Lars Røgenes
Saksbehandler

I samsvar med fullmakt er dette dokumentet godkjent elektronisk og har derfor ingen fysisk signatur

Kopi:
Susanne Busengdal
Riksantikvaren